



ÅRSMELDING 2021 VOSS HANDBALLKLUBB

Oversikt over organisasjon og verv

Styre Voss handballklubb 2021:

Hege Toje (leiar)
Kjersti Osa (nestleiar)
Grete Bryn Kvist (kasserar/kafé-ansvarleg)
Alexander Tillung (sponsoransvarleg til juni 2021)
Guro Kolbu Christensen (dommarkontakt)
Arild Pettersen (Materialforvaltar)
Ida Irene Greiner Ormåsen (sportsleg leiar, barnehandball til august 2021)
Ingrid Lydvo (sportsleg leiar, barnehandball/sponsoransvarleg frå august 2021)
Tiril Moen Eldegard (sportsleg leiar, barnehandball/sponsoransvarleg frå august 2021)

Kampsekretariat: Camilla Brattenborg (leiar) Sverre Soldal, Guro Kolbu Christensen, Erlend Mestad, , Arild Pettersen, Jan Olav Herre Dag Arild Jensen, Hilde Kyte Johnsen, Inger-Lise Midttun, Ingrid-Helene Songve Kristiansen.

Dommarar: Guro Kolbu Christensen, Hege Toje, Solveig Toje, Adele Brattenborg, Erle Lien Trondsen

Kafé-ansvarleg: Kristin Tesdal og Grete Bryn Kvist

Dommaransvarleg opplæring: Harry Stikholmen



Jenter 2008 på Dyrehagen-cup i Kristiansand august 2021

Aktiviteter og klubb utvikling i 2021

Medlemstal, lag og nye medlemsavgifter

Klubben har 271 registrerte medlemmer per 31.12.2021. Dette er ei auke på 50 medlemmar frå førre år. Hovudårsaka til auka medlemstal er at vi no har registrert alle med verv i klubben som medlemmar. På eitt ekstraordinært årsmøte 5. oktober vart det vedteke å innføre ei medlemsavgift på alle med verv i klubben på 50 kroner i året. Dette skuldast at berre betalande medlem reknast med i årsrapporteringa til Noregs idrettsforbund og dette talet gjev grunnlag til offentleg støtte. Personar med verv i klubben har gratis inngang på handballkampar i hallen og rimeleg treningskort på mosjonsgutane under sponsoravtalen til klubben. Klubben har per. 31.12 2021 15 lag, 5 gutelag i barne – og ungdomsklassen og 10 jentelag inkludert damelaget i 4 divisjon.

Styret sitt arbeid i 2021

Styret har hatt 9 styremøte i 2021, nokre har vore digitale, men dei fleste har vore fysiske møter. Det har også dette året vore mykje ekstraarbeid for styret med informasjon om smittevern og stadig nye rutinar for trening og kamp. Vi voner på betre arbeidsvilkår i 2022.

Våren 2021 lyste styret ut midlar til sosial aktivitet i klubben for å støtte deltaking på cupar eller avslutningar for laget. Til saman har 27 565 kroner har gått ut til dette.

Klubben har også støtteordningar for familiar med låg inntekt i klubben til lisensavgift, treningsavgift og medlemsavgift. Til saman har klubben bruk 5158 kroner på dette tiltaket.

I 2021 fekk vi oppdatert sponsorkontraktar for drakt og skiltsponsor, og klubbkolleksjonen vår frå Hummel vart fornya. Klubben fekk ordna pakketilbod til laga før ungdomsgruppa reiste på cup i Kristiansand i august.

Pandemi i 2021 – påverking på klubben

2021 har vore enno eit år prega av pandemi og restriksjonar. Treningar har vore gjennomført regelmessig for born og unge hausten 2021, men kampar har vorte avlyste på grunn av smitte på laga slik at en ikkje har kunne stille lag. Eller så har smittesituasjonen i Bergen vore slik at Vossalaga ikkje har ønska å reise. Planlagde kampar internt har og vore avlyste. Haustferieavslutning med treningskampar for ungdomsgruppa vart avlyst, det vart og juleavslutninga for heile klubben i desember.

Seniorlaget starta opp treningar igjen i august og spelte kampar til det vart ny nedstenging og treningsforbod i desember 2021. Klubben hadde annonsering i avisa og på Facebook i starten av sesongen og fekk rekruttert nye spelarar til laget. Dette vil vi difor fortsette med framover.

Voss handballcup og Park Hotel Cup vart nok ein gong avlyste i april 2021 på grunn av pandemien. Vi forsøkte å arrangere ein dagcup i september for borna 9-13 år, men responsen på dette vart dårleg

og det var for få påmeldingar til å gjennomføre arrangementet. Vi fekk kompensasjon frå Lotteri- og stiftelsestilsynet på 107 440, kroner for tap av inntekter frå cupar og kafésal.

Felles klubbaktivitet

I august organiserte Bodil Reime Sørлие, sportsleg leiar for ungdomshandballen, saman med trenarar og lagleiarar ei felles reise for J 13, 14 og 15 til Dyreparken-cup i Kristiansand. Laga reiste ned med felles buss og fekk ein god start på sesongen med kamptrening og mykje kjekt sosialt.

Grunna pandemi fekk vi ikkje gjennomført eitt fysisk sesongslepp på hausten slik som planlagt. I staden vart det heldt digitale møter for trenarar, lagleiarar og sekretariat med informasjon om sesongen 2021/2022.

Vi fekk starta opp 1. klasselag for jenter og gutar i samarbeid med FBK Voss i oktober 2021. Laga har fått på plass foreldretrenarar og lagleiar, startpakkar med t-skjorte og ball har blitt delt ut. Informasjonsmøte for foreldra blei arrangert.

Klubben har satsa på å tilby foreldre og ungdommar trenarkurs. Hovudregelen er at laga har vaksne trenarar, men stadig fleire av ungdommane våre tar på seg trenaroppdrag for klubben. Me har til saman 9 ungdommar som trenar lag i klubben i tospann, eller som hjelpetrenarar.



Hege Toje (leiar) og Kjersti Osa (nestleiar) tok i mot Amfi-prisen på vegne av Voss handballklubb.

Voss handballklubb vann Amfelia og Oskar-prisen 2021 på 5000 kroner i august. Denne prisen deles ut til ein forening som gjer mykje for born og unge og som stemmast fram av lokalbefolkninga. Dette var ein kjempefin anerkjenning av det arbeidet som klubben legg ned i å organisere aktivitet for born og unge i Vossabygda. Den varma særleg etter to år med mykje motgang og avlyste aktivitetar.

Årsmelding for lag i Voss HK 2021

LAG: Gutar f. 2015/Gutar 6

TRENAR/AR: Steinar Bakketun, Ranveig Hernes, Sigbjørn Tveiterås.

LAGLEIAR/AR: Harald S. Sæle

TRENINGSTID: Onsdag 17:00 – 18:00

ANTALL SPELARAR: 15

AKTIVITET I 2021: Ingenting utover treningane.

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: Ingen.

ANTAL FORELDRE-/ SPELARTMØTE: 0

ANTAL DUGNADAR: 0

LAG: Gutter f. 2014/ Gutar 7

TRENARAR: Espen Guttormsen, Runa Blomsnes Gyldenskog. Hjelpetrener Tor Henrik Larsen.

LAGLEIAR: Sigrid Bjordal

TRENINGSTID: Onsdager 17-18

ANTALL SPELARAR: 12 påmeldte til høstsesongen. Oppmøte ligger vel mellom 5 og 8 stk. per trening.

AKTIVITET I 2021: Treninger vår frem til 24.03.21, oppstart høst 20.10.21. Noen treninger avlyst fra sentralt hold grunnet covid-19.

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: Sesongavslutning for vårhalvåret 24.03.21 på Lekeland. Foreldremøte 16.11.21, ingen oppmøtte bortsett fra trenere og lagleder. Treningskamper 08.12.21 mot jenter 2014.

ANTAL FORELDRE-/ SPELARMØTE: 1

FORELDRE PÅ LAGET SOM HAR PÅTATT SEG VERV I KLUBBEN: Ingen utover de ovenstående

LAG: Gutar fødd 2011/2012/Gutar 10

TRENARAR: Bente Sørli Vines, Kim Bakkerud og Hanna Hesjedal

Lagleiar: Kjerstin Reime Sørli

TRENINGSTID: Mandag 16-17 Onsdag 18-19

ANTALL SPELARAR: 12

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETAR GJENNOMFØRT I LØPET AV ÅRET:

Har spelt kamper på Voss og i Bergen, hatt jola avslutning med pizza og quiz.

FORELDRE SOM HAR PÅTATT SEG VERV I KLUBBEN:

Tilla Ruud (cup styre) Dag Arild Jensen (sekretariatet)

LAG: Gutar 12 (født 2009/10)

TRENAR/AR: Annelin Rogn Soldal, Synva Osa Haugo.

Lagleiar: Hildegunn Hestvik

TRENINGSTID: Tysdag kl 19-20, Onsdag kl 18-19. Vaksenkontakt på kvar trening.

ANTALL SPELARAR: Registrerte pr. jan 2022: 14 stk

AKTIVITET I 2021: Har ein kampdag i månaden fom. sept. tom. april. I okt. og desember måtte vi avlyse pga. for få spelarar. Generelt få spelarar på starten av sesongen, samt lav terskel for å halde ungane heime pga corona. Denne sesongen som i fjor var det få spelarar fram til fotballsesongen var over i haust. Har «3 grupper» med spelarar: Ei gruppe er med på alle treningar og kamper gjennom heile sesongen, ei gruppe er kun med på kamper fram til fotballsesongen er over (har vore med sidan oppstart) og siste gruppa kjem på trening/kamp når fotballsesongen er over. Laget har av den grunn få spelarar som er stabile og klar til kampar i sept. og oktober.

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: Søkte på midlar til sosial aktivitet frå klubben. Desse brukte vi til sesongavslutning samling på Voss Bowling etterfølgd med pizza. Kjøkk kveld der 12 spelarar møtte. Trenarane var også invitert, 1 møtte.

ANTAL FORELDRE-/ SPELARTMØTE: 1 foreldremøte m lagleiar haust 2021, lite oppmøte. Alle foreldre som ikkje har nytta Spond og/eller vore med på Facebookgruppa har blitt tilsendt sms med info om appane Spond, minhandball og facebookgruppa vår. Har også sendt Spond lenke.

FORELDRE PÅ LAGET SOM HAR PÅTATT SEG VERV I KLUBBEN:

Hildegunn Hestvik: Lagleiar

Åse Emblem: lagleiar m økonomiansvar

Camilla Sivertsen Brattenborg: Sekreteriat

Guro Kolbu Christensen: Styrerepresentant for Gutar 12

Jan Olav Herre: Sekreteriat

LAG: Jenter 6 (født 2015)

TRENAR/AR: Siri Rogne Lindstad og Monica Bakketun

LAGLEIAR/AR: Alexander Tillung

TRENINGSTID: Onsdag 18-19

ANTALL SPELARAR: 8

AKTIVITET I 2021: trening og lek

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET:

ANTAL FORELDRE-/ SPELARTMØTE: 1

FORELDRE PÅ LAGET SOM HAR PÅTATT SEG VERV I KLUBBEN: Navn og verv

Siri Rogne Lindstad Trenar
Monica Bakketun Trenar
Alexander Tillung Lagleiar

LAG: Jenter 7 (født 2014)

TRENAR/AR: Thor Morten Trå, Morten Kronstad

LAGLEIAR/AR: Olga Minikh

TRENINGSTID: Onsdag kl. 18:00

ANTALL SPELARAR: 8-9 stk.

AKTIVITET I 2021: Kun trening

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: Ingen

ANTAL FORELDRE-/ SPELARTMØTE: 1 møte, 2 oppmøte (Olga Thor)

LAG: Jente 9 (født 2012/ 2013)

TRENAR/AR: Andreas Nordheim

LAGLEIAR/AR: Jorunn Svane Norekvål

TRENINGSTID: Tysdag 18-19

ANTALL SPELARAR: ca 18

LAG: Jenter 11 (f. 2010/11)

TRENAR: Rita Høvset fram til juni, deretter Kari Løkkebø Saue.

LAGLEIAR: Turid Rong Hosås

TRENINGSTID: Måndag kl. 17-18.30 og torsdag kl. 18-19

ANTALL SPELARAR: 11 spelarar.

SPORTSLEG UTVIKLING: Spelt i serie frå hausten av, 2 kampdagar, resten avlyst pga koronasituasjonen.

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: 1 i vår, avlyst i haust pga koronasituasjonen.

ANTAL FORELDRE-/ SPELARMØTE: 2, 1 vå-r og 1 haustmøte.

FORELDRE PÅ LAGET SOM HAR PÅTATT SEG VERV I KLUBBEN:

Turid Rong Hosås, lagleiar. (sluttar januar-22).

Hilde Kyte Johnsen, sekretariatet.

Ingrid Lydvo, styret.(slutta 01.12.21)

LAG: Jenter 13 (født 2008)

TRENAR/AR: Hilde Andersen Hagen og Johanne Holst Rokne

LAGLEIAR/AR:

TRENINGSTID: mandag kl. 18-19.30, onsdag kl. 19-20.30, torsdag kl. 18-19.30

ANTALL SPELARAR: 10

SPORTSLEG UTVIKLING: Laget spilte sesongen 2020/2021 i serien for jenter 12 A serie. Spelte mange gode kamper å vann halvparten av kampene og tapte halvparten, Vart også meldt opp i jenter 13 A serien til sesongen 2021/2022. Der har dei spelt 7 kamper i haustsemesteret. 0 vunne kamper, 1 uavgjort og tapt 6. Nivået i A serien har vert for høgt for jentene, noko målskilnaden viser 72 – 144. I løpet av hausten mista laget 3 spelarar, men det har heldigvis komme inn 2 nye. Jentene har spelt cup i Kristiansand, og vann nokre kamper der.. Elles har det blitt spelt fleire treningskamper mot Voss J-14 og J15 våren og hausten 2021. Dei har og hatt felles trening med J-14 og J-15 våren 2021. Hausten 2021 har J – 13, hatt 3 treningar i veka

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: Sosialt har jentene vert flinke med å vera i lag utanom handballbanen. Ikkje vert noko stort arrangert opplegg utanom handballen i år. Foreldra føl opp jentene, så dei er flinke til å vera med på heimekampane. Målet er å trivast, å ha det kjekt i lag på og utenfor banen!

ANTAL FORELDRE-/ SPELARTMØTE: 2 foreldremøte, vår og haust 2021

ANTAL DUGNADAR: 2 dugnadar.

FORELDRE PÅ LAGET SOM HAR PÅTATT SEG VERV I KLUBBEN:

Hege Toje, styreleiar i klubben

Grete Bryn Kvist, kasserar i klubben

Camilla Brattenborg , sekretariat

LAG: Jenter 14 (født 2007)

Me har igjennom sesongen vore 9 spelar:

- Brita Nestaas Tillung
- Guro Rong
- Hanna Johnsen Furesund
- Hannah Knudsen Atterås
- Jori Svoren Dregelid
- Lars Olavson Klette
- Tuva Hansson Eide

- Tuva Helland
- Vilde Knudsen Atterås

Me har hatt treningar måndag og onsdag i idrettshallen gjennom heile sesongen.

Sesongen starta me med tur til Dyreparken Handballfestival. Me reiste med full buss frå Voss med j 13,14 og 15, trenarar, lagleiarar og foreldre. Kjekt og veldig sosialt og me fekk spela kampar før sesongen begynte. Mykje god lærling.



Dugnad: Me har gjennomført 2 dugnader i lag med j 13 og j 15 denne sesongen. Kakeotteri og boklotteri, og jentene har jobba godt å fått inn mykje pengar på konto.



Me har fått spelt 7 kampar i sesongen, før serien vart gjort om til aktivitetsserie, no er det mange som er sjuke så det er vanskeleg å gjennomføra treningskampar som er oppsett.

Lagleiarar: John-Inge Johnsen

Trenar: Ingrid Helene Songve Kristiansen

Takk til spelarar, trenar, lagleiarar og foreldre for samarbeidet.

LAG: Jenter 15 (Født 2006)



Me starta sesongen med 10 spelar:

- Amalie Lien
- Angelica Midtun Pedersen
- Bente Sørli Vines
- Ingebjørg Herre
- Julia Ullestad
- Malin Kolbu Herre
- Thea Haugstvedt
- Vilde Petterson
- Kari Opheim
- Benedikte Norevik

Me har hatt treningar måndag og onsdag i idrettshallen fram til desember, etter dette har me hatt treningar måndag og torsdag på gymnaset med j 16.

Sesongen starta me med tur til Dyreparken Handballfestival. Me reiste med full buss frå Voss med j 13,14 og 15, trenarar, lagleiarar og foreldre. Kjekt og veldig sosial og fekk prøva å spela kamp med klister før sesongen begynte. Mykje god lærling.



Hyttetur: Tidleg haust reiste me på hyttetur til Reime, etter kamp i idrettshallen. Kjekt og sosialt og jentene ordna det meste sjølv, og litt samarbeid aktivitetar undervegs.



Dugnad: Me har gjennomført 2 dugnader i lag med j 13 og j 14 denne sesongen. Kakeatteri og bokatteri, og jentene har jobba godt å fått inn mykje pengar på konto.

Jentene spelar i B serien og ligg blant toppen på lista, noko som dei fortener når dei jobbar godt i lag.

Me har fått spelt 11 kampar i sesongen, før serien vart gjort om til aktivitetsserie, no er det mange som er sjuke så det er vanskeleg å gjennomføra treningskampar som er oppsett.

Lagleiarar: Inger Bryn og Guro Kolbu Christensen

Trenarar: Ida Irene Greiner Ormåsen og Bodil Reime Sørle

Takk til spelarar, trenarar, lagleiarar og foreldre for samarbeidet.

LAG: Jenter 16 (født 2005)

TRENAR/AR: Erik Blindheim, Kim Bakkerud og Ingeborg Almeland Tveit

OPPMANN: Mariann Lunde Bystøl og Monica Haugland

TRENINGSTID: Måndag 19.30-21.00 og torsdag 19.00-20.30 (begge øktene på Voss gymnas)

ANTALL SPELARAR: 10

Koronasesongen 20-21 bestod av mange kjekke handballtreningar, både ute og inne, men dessverre ingen kampar. Vi var både positive og motiverte når sesongen 21-22 starta opp i august. I oppkøyringa fekk vi gode økter med fysisk trening ute, og vi kom kjapt i gang med handballtreninga inne. Jentene hadde jobba godt med eigentrening i sommarhalvåret.

Fyrste seriekamp starta med eit lite bortetap mot Mathopen. Mykje bra spel, men og ein del å rette på og jobbe med framover. I november fekk vi eit tett kampprogram med fire kampar på tre veker, med tre tap og ein siger. Sjølv om vi ikkje har fått poeng i alle kampane, har vi stort sett vore nøgde med spelet, og jentene har tatt store steg i både angrep og forsvar. Framover har vi jobba med å lage gode situasjonar for medspelarane våre, og bakover har det å tette i midten og flytte over vore fokus. Kjekt å sjå at det betrar seg!

Etter jul har vi fått spelt ein kamp mot Fana 2, og vi starta med siger 20-19. Vi hadde god kontroll på kampen, men gjorde det litt vel spennande på slutten. Heldigvis drog vi sigeren i land! Framover håpar vi at vi får gjennomføre oppsette kampar, sjølv om det har vore ein del flytting og bytting av datoar.

I sesongen har vi fått lånt nokre spelarar av j15 når det har vore behov, og det set vi pris på. Desse to laga har også byrja å trene i lag, og det er kjekt. Vi trenar også samstundes som damelaget, der vi får trena mot betre motstand, noko som gagnar oss i kamp. Mange av jentene går på handballinja på Voss gymnas og har ein aktiv treningskvardag, men dei er flinke til å tilpasse og ha kontroll på treningsmengda. Mange av spelarane har og vore med damelaget på kampar i haust, og der har dei bidrege og klart seg godt. Motivert og kjekk gjeng :-)

Kim, Erik og Ingeborg

LAG: Kvinner 4 divisjon

TRENAR/AR: Ingeborg Almeland Tveit

LAGLEIAR/AR: Tiril Moen Eldegard

TRENINGSTID: måndag 19:30 – 21:00 + torsdag 19:00 – 20:30

ANTALL SPELARAR: 18 stk

AKTIVITET I 2021: Me starta oppatt med treningar i august 2021, og hadde fyste kampen i begynnelsen av september. Me heldt fram me treningar to gonger i veka og kampar til midten av desember. Då kom det nye reglar, som gjor det vanskeleg for damelaget og gjennomføra noko form for aktivitet.

SOSIALT MILJØ OG AKTIVITETER GJENNOMFØRT ILA ÅRET: Sidan mars 2020, pga Covid-19, har det gått hardt utover damelaget vårt, det har vert lite aktivitet utanom treningar og kampar, og det har også vert mindre av enn vanlig. Me har prøvd å arrangera fleire event, men nye koronareglar kjem oss alltid i forkjøpet, og sett ein stoppar for det. Det er utruleg trist, og me håpar å få arrangert meir aktivitet og sosialt framover, for å skapa eit betre samhald i laget.

ANTAL FORELDRE-/ SPELARTMØTE: 1 i august, før oppstart.

ANTAL DUGNADAR: 0

FORELDRE PÅ LAGET SOM HAR PÅTATT SEG VERV I KLUBBEN: Tiril Moen Eldegard (ikkje spelar) men har lagledar og sitt i styre for laget.

